

ØRSKOG KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

02.05.2016

Kopi til: Ordfører
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 09.05.2016 kl. 16.00
på rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 08/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 25.02.2016
« 09/16 - Årsmelding 2015 – Ørskog kommune
« 10/16 - Kommunerekneskapen 2015 – Ørskog kommune
« 11/16 - Manglande svar på brev sendt kommunen
« 12/16 - Orientering frå rådmann om bruk av anbodsprinsippet ved kjøp av
advokattenester
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 25. februar 2016 kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Kaja Kongsnes, Øystein Eide og Olav Jan Bårdsgjærde

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Karen Simonnes Aanes og rådmann Synnøve Vasstrand Synnes i sak 04/16 og 05/16. Økonomisjefsjeff Magny Hauge Dyrkorn var tilstades i heile møtet.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

01/16, 04/16, 05/16, 02/16, 03/16, 06/16 og 07/16.

SAK 01/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. SEPTEMBER 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 22. september 2016 blir godkjent.

SAK 02/16

OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR OG ÅRSHJUL

Saksdokument datert 18.02.2016 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 03/16

KONTROLLUTVALSBOKA, SPØRJERUNDE OM KONTROLL OG REVISJON

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/16

ORIENTERING OM TEIEPLIKT ANBOD TOTALENTREPRISE SJØHOLT SKULE

Rådmann Synnøve Vasstrand Synnes orienterte. Av orienteringa gjekk det fram at det var teieplikt på einingsprisar, men ikkje på totalpris.

Temaet vart reist fordi totalpris var kunngjort i avisa medan møte om anboda var lukka og dokumenta var unnateke offentlegheit. Kontrakt er ikkje skreve og kommunen sin vedståingsfrist er ikkje ute.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 05/16

ORIENTERING OM PÅLØPNE KOSTNADAR VED IDEN TOMTEOMRÅDE

Rådmann Synnøve Vasstrand Synnes orienterte. Kostnadsramma er 4 mill. kroner og det er medgått 2,6 mill. kroner. Kommunen avventar interesserte utbyggjarar.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 06/16

ETTER-/SLUTTOPPGJER – VEDERLAG I INSTITUSJON

Saksdokument datert 18.02.2016 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 07/16

**BREV FRÅ OLAV JAN BÅRD SGJÆRE STILA TIL KONTROLLUTVALET OG LEVERT
TIL SERVICEKONTORET**

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kontrollutvalsekretariatet etterlyse brevet.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Målfrid Sjøstad
nestleiar
(sign.)

Kaja Kongsnes
medlem
(sign.)

Øystein Eide
varamedlem
(sign.)

Olav Jan Bårdsgjærde
varamedlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 02.05.2016

SAK 09/16
ÅRSMELDING 2015 – ØRSKOG KOMMUNE

Som vedlegg følgjer:

- Årsmelding 2015 – Ørskog kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Ørskog kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 02.05.2016

**SAK 10/16
KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – ØRSKOG KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2015 - Ørskog kommune
2. Kommunerekneskapen 2015 - Ørskog kommune

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2
3. Kontrollutvalet viser til det negative rekneskapsresultatet og presiserer at det er ei viktig oppgåve å få kommunens økonomi i balanse.
4. Kontrollutvalet vil følgje opp den økonomiske utviklinga i 2016.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Solrun A. Tusvik

Vår dato:
12.04.2016
Dykkar dato:

Vår referanse:

Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Ørskog kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 - ØRSKOG KOMMUNE - MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Ørskog kommune som viser kr 135 877 634,-, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 2 776 695,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ørskog kommune per 31. desember 2015, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon med atterhald om budsjett*

Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i høve vedteke budsjett.


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjell Bjørnsen
kommunerevisor

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 02.05.2016


SAK 11/16
MANGLANDE SVAR PÅ BREV SENDT KOMMUNEN

Som vedlegg følger:

- Brev frå Olav Bårdsgjærde datert 24.11.2015 med vedlegg.

Kontrollutvalsekretariatet mottok dette brevet for kort tid sidan. Brevet omhandlar manglande svar frå kommunen. Rådmannen blir bedt om å gi ei forklaring på kvifor kommunen ikkje har gitt svar på dette brevet.

Harald Rogne
dagleg leiar



Ørskog Kommune

Kontrollutvalget

6240 Ørskog.

Bårdsgjerde den 24.11.2015.

Vedr.: Manglende tilbakemelding på henvendelser til kommunen.

Henvendelsen gjelder 2 saker, den ene vedrørende gnr 96 bnr 21 ved undertegnede, og den andre vedr vegfremføring til Bårdsgjerde der jeg er kontaktperson for oppsitterne nevnt i henvendelsen til kommunen.

Sak 1:

Første henvendelse om denne konkrete saken ble sendt 18.09.14, og neste brev om samme sak ble sendt 24.02.15 etter muntlig kontakt og anmodning fra saksbehandler. Det foreligger pr dato ingen tilbakemelding om saken.

Sak 2:

Første konkrete og skriftlige henvendelse ble sendt i brev av 30.09.13. Neste skriftlige henvendelse ble sendt 22.09.15 etter flere muntlige kontakter med veldig diffuse svar. Pr dato har vi heller ikke fått noe konkret svar på henvendelsen.

Slik vi forstår av forvaltningsloven har vi krav på svar på skriftlige henvendelser til kommunen innen 3 uker. Vi ber nå om svar på begge disse sakene.

Vedlegger kopier av ovenfor nevnte brev

Med vennlig hilsen

Olav Bårdsgjerde
Olav Bårdsgjerde

Salv 2.

Ørskog Kommune

v/Teknisk Etat

6240 Ørskog.

Bårdsgjerde den 30.09.2013.

Områdereguleringsplan Bårdsgjerde.

Planen nærmer seg nå endelig godkjenning etter flere justeringer underveis. Et vesentlig element i planen er veifremføringen. Nåværende veitrasé er en kommunal vei som skulle vært oppgradert for flere år siden, og første signal og synfaring for ny vei var på begynnelsen av 1980 tallet. Det har vært satt av budsjettmidler til dette flere ganger de siste 10 årene. Utsettelsen har resultert i nye krav og økte kostnader. Vi som er oppsittere pr dato har nå en oppfatning av at veien skal være en del av utbyggingsprosjektet. Vi vil sterkt presisere at oppgradering av veien må skje uavhengig av tomtesalg og utbygging av feltet. Når dette kommer i gang, må det finnes en finansieringsløsning for tilknytning til infrastruktur som vei, vann og kloakk. Veien er i dag i en slik forfatning at den etter vår oppfatning ikke kan være godkjent som kommunal vei. Hverken renovasjon, sykebil eller andre utrykningskjøretøy uten firehjulstrekk kommer opp om vinteren, og knapt nok om sommeren.

Vårt krav på vegne av alle oppsittere pr dato, er derfor at arbeidet med veien starter umiddelbart etter at planen er godkjent. Slik veien er planlagt, vil gnr 94 bnr 2 og gnr 94 bnr 5 ikke ha vei frem til boligene. Dette forutsetter vi blir tatt inn i planen og opparbeidet uten kostnad for grunneiere.

Med vennlig hilsen

Olav Bårdsgjerde

Rune Bårdsgjerde

94/2

94/5

(for Marius Bårdsgjerde)

Ørskog Kommune

v/Teknisk Etat

6240 Ørskog.

Bårdsgjerde den 22.09.2015

Veg og områdereguleringsplan Bårdsgjerde.

Viser til notat av 30.09.2013 som vi ennå ikke har mottatt noe svar på. Vi sender nå notatet på nytt med tilføyelser, og fører opp alle oppsitterne som er berørt av veien.

Et vesentlig element i planen er veifremføringen. Nåværende veitrasé er en kommunal vei som skulle vært oppgradert for flere år siden, og første signal og synfaring for ny vei var på begynnelsen av 1980 tallet. Det har vært satt av budsjettmidler til dette flere ganger de siste tiårene. Utsettelsen har resultert i nye krav og økte kostnader. Vi som er oppsittere pr dato har nå en oppfatning av at veien skal være en del av utbyggingsprosjektet. Vi vil sterkt presisere at oppgradering av veien må skje uavhengig av tomtesalg og utbygging av feltet. Når dette kommer i gang, må det finnes en finansieringsløsning for tilknytning til infrastruktur som vei, vann og kloakk. Veien er i dag i en slik forfatning at den etter vår oppfatning ikke kan være godkjent som kommunal vei. Det er 17% stigning på deler av veien, og godkjent stigning i dag er maks 9%. Hverken renovasjon, sykebil eller andre utrykningskjøretøy uten firehjulstrekk kommer opp om vinteren, og knapt nok om sommeren. Heller ikke andre større kjøretøy kan komme opp på en forsvarlig måte.

Det kan også nevnes at sist vinter var det flere nesten ulykker med bil. Ved en anledning skled en bil med 3 barn nedover helt uten styring på grunn av is og snø. Til alt hell stoppet den i brøytekannten etter å ha sklidd 10 – 15 meter. Andre biler hadde samme opplevelsen men bare med sjåfør i bilen. Vi ønsker ikke lenger at slike episoder skal inntreffe. Dette kan bekreftes av brøyteansvarlig som måtte komme for å få bilene på «rett kjøll» og hjem til bolig.

Vårt krav på vegne av alle oppsittere pr dato, er derfor at arbeidet med veien starter umiddelbart, eventuelt med lavere krav til bredde, fortau etc., for så å kunne utvides når boligbygging og trafikk tilsier/krever dette.

Slik veien er planlagt, vil gnr 94 bnr 2 og gnr 94 bnr 5 ikke ha vei frem til boligene. Dette forutsetter vi blir tatt inn i planen og opparbeidet uten kostnad for grunneiere. Dette må også gjelde for andre nåværende oppsittere som blir berørt.

Vi ber om et møte med kommunen for å få en informasjon om hvordan dette kan løses. I motsatt tilfelle må vi gå videre til andre instanser for sjekke om nåværende vei kan være godkjent som kommunal vei.

Svar kan gis til undertegnede som vil formidle dette til de andre oppsitterne.

Med vennlig hilsen

Olav Bårdsgjerde

for

Marius M Bårdsgjerde

94/2

Rune Bårdsgjerde

94/5

Kåre Johny Braute

94/3

Aina Øyen Henden

94/39

Asbjørn Bårdsgjerde

94/4

Andreas Sauer

94/40